



Frakteskuta Trio på grunn på Nærlandsstranda i juli 1940.
* Andreas E. Aadnesen/Håa folkebibliotek.

MINNE FRÅ KRIGEN

ANDREAS E. AADNESEN

Andreas E. Aadnesen arbeidde alt under krigen i butikken til far sin på Nærbo, og dei to historiene han fortel her, har begge utgangspunkt i arbeidet hans attom disken. Minna frå denne tida, om lastebåten Trio sitt forlis, og om veker med tvangsarbeid gir lesaren eit godt bilete av korleis kvardagen kunne vera under krigen, ein kvardag som kvar einskild person kunne oppleve ulikt. Framleis er store delar av denne saga om vår nære fortid ukjend og viktig å få fram i ljuset.

"Trio" av Oslo

Det var ein fin julidag 1940. Eg stod i krambua og såg på det fine veret. Brått kom ein lastebil i god fart vestanfrå og bremsa opp utanfor. Ein tysk soldat steig ut og skunda seg inn i krambua.

"Forstår De tysk?" spurde han.

"Ja", svara eg. (All samtale gjekk på tysk)

"Kan De vera med og visa vegen til lækjar?"

"Kan du passa på her då?" spurde eg far min.

Då han nikka, sprang eg fort ut i bilen ilag med tyskaren. Han sette bilen igang og køyrde i same retning som styrehuset peika.

"Galne vegen," sa eg. "Må snu." Og snudde gjorde han i god fart på planen utanfor Lars Anda. Det bar vestover att. Me svinga ned Garvarsbrotet, tok Jammerdalen på tvers, og opp Slaktarsbrotet. Rett før Breidablikk skule svinga bilen til høgre og bråbremsa så i gardsromet til lækjar Leif Teig. Lækjarkona, Dagmar Teig, hadde frå kjøkenet fenge auga på denne bilen i full fart, og ho kom kvikt ut, gjekk ned trappa og mot tyskaren, som var snar ut or bilen.

"Eg har ein skada mann på lasteplanen. Kan De gjera noko for han?"

"Lækjaren er ikkje heime. Han er ute i sjukevitjing," var svaret.

Gjennom ruta bak i styrehuset såg eg at det var ei mengd teppe på lasteplanen. Dagmar Teig gjekk bort og lyfta tilsides øvre laget. Ho stokk av det ho såg, og eg hørde ho mumla:

"Heile brystet opprive."

Det låg ein såra mann der bak. Han levde, for han bad om vatn. Då sa lækjarkona til tyskaren:

"Må ikkje gjeva han vatn, for då vil han berre blø endå meir."

Tyskaren spurde då kvar næraste lækjar var.

"Bryne," var svaret.

Inn i bilen att. Eg vart sett av heime, og lastebilen for i full fart mot Bryne.

Heime undrast me på kva som hadde hendt. Me freista spørja til færandes, men folk visste lite. Det vart likevel ymta om eit flyåtak utpå sjøen. Seinare på dagen fekk eg meir greia på korleis det hadde seg. To tyske soldatar, som heldt til på Nærland, kom inn i krambua. Den eine leverde ein film til framkalling. Me dreiv med framkalling og kopiering av vanleg rullefilm i den tida. Smalfilmar var ikkje så vanlege

ennå, og den smalfilmen som tyskaren leverde inn vart send til Oslo med posten.

Eg hørde godt etter då den andre tyskaren spurde han som leverde filmen, om han hadde vore ombord i "Trio" og filma der.

"Ja, eg var ombord," svara han.

"Eg tok bilete av bombene på dekk og bombene i lasteromet."

Ei god stund etter kom det inn i krambua to andre tyskarar. Etter uniformstripene å døma, var den eine ein offiser av høg grad. Han spurde om ein tysk soldat hadde levert inn ein film til framkalling.

"Jau", sa eg. "Men den slags film sender me vekk til framkalling. Filmen er levert i posten, og er truleg på veg til Oslo".

Då vart offiseren rasande.

"Den filmen må me ha tak i, den må ikkje framkallast. Får me ikkje filmen tilbake, kan soldaten som eig han riskikera å verta skoten!" brølte han. Oj, oj, det var litt av eit trugsmål. Eg sa at eg med ein gong ville snakka med postopnaren, og melda frå til Nærland så snart det kunne verta ei ordning. Med det slo tyskarane seg til tåls og gjekk.

Sjølv sprang eg i full fart til postopnaren, Kirsten Årsland. Det var ikkje lange stubben, berre tredje huset lenger oppe i gata. Postopnaren vart sett inn i saka. Ho hadde nok ikkje noko til overs for heile tyskarane etter deira overfall på Noreg. Men med si fine kristelege livshaldning kunne ho ikkje vera med på at nokon skulle skytast utan å gjera noko for å hindra det. Ho lova å gjera sitt for å få filmen tilbake.

Og underet skjedde. På Moi vart posten frå Nærbø gjennomsøkt. Filmen vart funnen og send tilbake, og alt gjekk av i likaste laget.

I ettertid leverde likevel tyskarar filmar til framkalling. Men då kom dei åleine, hadde ikkje besetutar med

seg. På den måten fekk eg sjå at båten med bombene, "Trio" av Oslo, var førd så langt inn på sandstranda at folk kunne vassa ut til båten.

Korleis hadde det heile bore til? Smått i senn fekk me greia på så pass at det var mogeleg å få eit slags oversyn over hendinga.

Valdemar Høyland, frå Høyland i Nærbø, var om morgonen ute på sjøen og fiska. Han såg ein liten lastebåt der ute på veg nordover. Brått kom 3 britiske fly av typen Bristol-Blendheim stupande ned mot lastebåten. Styrehuset vart råka, og ein mann vart såra. Dei tyske vaktene ombord fekk panikk. Nokre hoppa på sjøen. Andre gjekk saman med det norske mannskapet i livbåt, og rodde mot land etter at alle var samla opp.

Lastebåten, "Trio" av Oslo, dreiv utan mannskap. Då flya ikkje lenger var å sjå, våga Valdemar Høyland seg nærare båten. Etter ei stund kom det ut ein robåt med tyskarar frå leiren på Nærland. Ein av desse fekk overtala Valdemar til å gå ombord i "Trio" og styra båten mot sandstranda på Nærland. Valdemar hadde vore på skuleskipet "Sørlandet", og var godt kjend med arbeid ombord. Han fekk starta motoren og styrde "Trio" varsamt i land på Nærlandstranda, langt nord, mest ved Refsnes. Båten vart sett langt inn i sanden, og det var så grunt at folk seinare kunne vassa ut til båten. Det var ein del ungdomar frå dei næraste gardane ikring som nytta høvet, var ombord og fekk sjå bombene som båten var lasta med. Det var bomber som skulle til Sola, og seinare frå fly sleppast over England. Men tyskarane kom snart med vakter som heldt folk vekke frå båten. Kort tid etter kom ein slepebåt og drog "Trio" av grunn, og bombene kom til Sola. Tyskarane sette pris på at Valdemar hadde berga båten for dei og han fekk ei gåve på 1000 kroner. Valdemar, stakkar, han vart ikkje så lite brydd, då han

seinare tenkte over at han hadde hjelpt tyskarane såpass at han fekk 1000 kroner for bryet. Nåja, gjort var gjort, og noko anna var vel heller ikkje å gjera, slik han hadde slumpa bort i det. Valdemar ville ha eit minne etter denne hendinga, og for pengane kjøpte han seg ein motorsykkel, ein Zündap 350 kubikk. Valdemar Høyland er ikkje blant oss lenger. Men skal tru om ikkje motorsykkelen etter han ennå sviv kring på vegane.

Flyåttaket mot "Trio" vart skrive om i Stavangerblad. Eit stykke slutta noko slik: Det var stygt av "Tommy" å koma og bomba ein fredeleg norsk handelsbåt.

Tvangsarbeid

Ein av dei siste dagane av januar 1943 kom politimann Torkel Bore inn i krambua til far min og gav frå seg 3 skriv, eit til far, eit til Ole, bror min, og eit til meg. Skriva var utskrivning til 2 veker tvangsarbeid for tyskarane. Ole skulle møta på Obrestad, far og eg på Høyland.

"Eg hev ikkje sko til slikt arbeid," sa eg til Bore.

"Tresko når eg går ut, sævsko her inne i krambua, og eit par utslitne sundagssko."

"Du får berre gå til dei som hev", var svaret frå Bore. Far tok politimannen på ordet. Om kvelden lurde han seg inn i kjellarlageret til bror sin, Randulf, og "lånstal" eit par vannstøvlar som passa meg. Dette var lett å gjera, for sjølv om det var krig, var det få som låste kjellardører eller uthus.

Måndagen kom då me skulle i veg på tvangsarbeid. Far hadde på sundagen vore ute på ein lang sykkelturn. Den turen røynde nok på meir enn ventande, for far greidde ikkje stå opp denne måndagen. Ryggen verkte voldsomt, og han vart liggande fleire dagar.

Lumbago vart det sagt, og med det slapp han heile tvangsarbeidet. Men Ole og eg laut sykla i veg kvar til vår stad, og krambua var stengd i 2 veker. Frå Søylandskrossen svinga eg inn på veggen til Nærland. Der veggen tok av til Høyland var det samla mange tvangsutskrivne. Det synt seg at utkallingstida var ulik. Arbeidet på markene hadde vore i gang ei tid. Dei fyrste hadde fått ei utkalling på 6 veker. Ved å røkja etter fann eg ut at av dei nyutkalla hadde nokre fått 2 veker, resten 6 veker. Kvifor det var ulik tid veit eg ikkje. Eg snakka med 2 vekerkarane og bad dei halda tilbake utkallingskrivet og levera det siste dagen, som prov på at arbeidet var slutt. Me 2 vekerkarane vart verande samla i ein god gjeng heile arbeidstida. Med i gjengen var: Jens Kvia, Ola Indrebø, Einar Eliasson Lode, Adolf Sirevåg, Jon Reime, Håland og eg. Far til Ola Indrebø døydde medan Ola var på tvangsarbeidet. Etter omlag ei veka vart Ola friteken. Som ny mann fekk me med Gunder Ueland.

Ved oppropet den fyrste dagen stod eg bak den tyske vaktmannen. Over aksla hans såg eg på lista etterkvart som han kryssa av for namna han ropa opp. Eg såg kring på dei som ennå ikkje var ropa opp, og jamførde med tyskaren si lista. Heisan, der stod Gustav J. Opstad med sykkel sin og venta på oppropet. Eg såg på lista att. Gustav var ikkje medteken der.

"Gustav, kom hit litt," sa eg, og fekk han med meg eit stykke frå dei andre.

"Du står ikkje på lista, Gustav. Snu sykkel sin og dra heimover så fort du kan."

"Eg vågar ikkje til," sa Gustav.

"Jau, gjer det," sa eg. "Ingen vil spørja etter deg meir, for du står ikkje på lista. Og om dei spør, så hev du aldri fått innkalling."

"Nei eg torer ikkje," sa Gustav.

Då oppropet var slutt, steig Gustav fram og sa at han

øg hadde fått innkalling, men ikkje vorte oppropa. Tyskaren såg på lista.

"Nei, du står ikkje her. Du får reisa til Øgård, kan henda er du på lista der," sa tyskaren. Stakkars Gustav. Han sykla til Øgård, var heller ikkje der på lista. Men der vart han oppskreven, og fekk såleis kvar dag ein sykkelstur på kring 3 km lenger.

I innkallingskrivet vart alle oppmoda til å ta med sag, spade, pikka, eller andre reidskap. Det var òg spurnad etter hest og kjerre, om nokon kunne møte med desse. Eg hadde spade, som dei fleste andre. Arbeidsløna vart plussa på med 10 øre timen for kvart reidskap. Ein tysk vaktmann peika ut eit jordstykke, og sette oss til å spa opp dette. Samstundes sa han at frå kl. 12 til 13 var det matøkt. Då kunne me sykla til ei brakka på Nærland og eta maten vår der.

Første dagen sykla me alle til brakka, som var langt nord på Nærland, mest ved Refsnes. Med same me kom innanfor, vart me møte av eit uventa syn. I brakka var det tilhald av ei mengd belgiske krigsfangar. Tyske vaktmenn med gevær over aksla gjekk kring og passa på. Det heile verka nedslåande og utriveleg på oss. Maten vart eten i ein fart, og me skunda oss ut att og sykla til arbeidsstaden. Veret var slapse den dagen. Småregn og snøslaps gjorde at me alle peiste og spadde voldsomt. Utpå dagen kom 2 tyske vakter og såg på "opptaket".

"Jau, dette var godt arbeid," sa dei. "De skal verta løna med 10 øre meir for timen." Dermed gjekk vaktene vidare. Me stoppa arbeidet. Såg på kvarandre. Noko så skitlegt, noko så skammeleg. Tenk få skrøyt for at me var flinke til å øydeleggja markene til dei stakkars uheldige bøndene som var eigarar. Me sa ikkje noko med same, men eg trur alle tenkte likt: "Her må det slakkast på farten." Det heile fekk utløyning då Jens Kvia kom med ei fråsegn som vedgjekk alle:

"Eg måtte berre halda varmen."

På heimvegen etter fyrste arbeidsdagen stakk eg innom og snakka med brørne Kristian og Anton Høyland. Etter å ha gjort greide for at det var så utriveleg i brakka på Nærland, og spurt om me fekk vera einkvan staden i løa i middagstimen, var Kristian med og synte meg eit lite høyloft i nordenden av løa. Der fekk me vera kvar dag. Ein stige førde opp til høyloftet, og høy var det nok av, så me fekk strekkja oss på mjukt underlag. Det vart òg tid til litt bridgespeling etter maten. I løeveggen mot nord var det ei lita reva. Dette kom vel med, for når ein la auga heilt innåt, hadde ein utsyn til arbeidsplassen. Såg me at dei andre byrja innta plassane, var det på tide for oss å bryta opp. Då var det berre å gå rett over vegen, nedover marka eit stykke, og me var på plass i god tid.

Så gjekk då dagane med ulikt arbeid. Samla var me vel kring 60-70 mann i arbeid på ulike stader. Nokre dreiv med steinbukk og heiste opp store steinar. Mange pikka og spadde, andre hadde hest og kjerre. Desse køyrde stein og tuer til stader der vaktene peika ut. Nokon samla plan for arbeidet har eg ikkje vore i stand til å finna ut at det var. Såg helst ut til at det var om å gjera å grapsa til og øydeleggja markene og steingardane mest mogeleg.

Når eg i ettertid tenkjer tilbake, er det helst det løygna som dukkar fram i minnet, noko å flira og læ av. Som då Erling Høyland gjekk og drassa med ei steinklypa att og fram langsetter bekken som fylgde dalbotnen. Steinklypa skulle over på andre sida av bekken, for der var steinbukken. Karane ved bukken laut venta med oppheising av stein, for dei hadde ikkje steinklypa. Erling passa vel på at han ikkje gjekk for langt nedetter bekken, for då kunne han gå over på ei klopp. Heller ikkje var det lurt å gå for langt oppetter, for der var bekken så smal at det var for lett å stiga

over. Klypa var tung, men Erling fekk med seg ein hjelpesmann. Lenge heldt dei på med att-og framtrasking. Men då dei skyna at ein vaktmann var på veg for å gripa inn, slengde dei klypa over bekken og hoppa sjølv etter. Dermed kom steinheisinga i gang, og alt var i orden.

Ein dag stod me 4-5 karar med kvar sin gjerdestaur og støyrdde for å få godt tak under ein stein me skulle flytja. Steinen låg så agale til, midt i ein vassflo. Me stakk med staurane, brekte, flytta litt på oss for å koma betre til, støyrdde på nytt og streva i lang tid. Men ikkje fekk me steinen or vatnet. Sistpå meinte nok den tyske vakta at dette drog for lenge ut. Han steig eit steg ut i vatnet, bøygdde seg fram og ned, og rulla steinen på land med ei hand.

Ein dag skulle det sprengjast ein stor stein nordanfor vår arbeidsplass, i marka til Tobias Mellemstrand. Denne sprenginga var så nær innpå at me laut søkja dekning bak ein steingard, når så langt leid. Overbreitsle vart lagt på, og då varselropa kom, la me oss i livd. Februarsola var ikkje særleg varm, men me fraus ikkje heller i ventetida. Kor mange meter med lunta som vart nytta vart aldri oppgjeve, men det drygdde svært lenge ut – og ingen smell kom. Sistpå vart to tyske vaktmenn utolmodige. Dei reiste seg og gjekk mot steinen. Men då vart dei møte med høge varselsrop, og dei sakka på farten. Då kom smellen! Til all lukka var det så rikeleg med overbreitsle at steinspruten vart dempa, og ingen vart skada. Vaktene fekk seg nok ein støkk, for då det eit par dagar seinare skulle skytast ein ny stein, fekk me liggja bak garden og kosa oss i sola mest eit par timar før det small.

Einar Eliassen Lode spurde ein dag vaktmannen om å få fritt frå kl. 11. Han hadde eit viktig ærend til Stavanger og laut reisa med 12-toget. Avslag. Ikkje tale om. Her skulle det arbeidast. Eg snakka med

Einar. Minna han om den karen som var uheldig og trødde uti kanalen og vart blaut på føtene. Denne karen fekk gå heim etter at mange av venene hadde ropa til vaktene, at det var farleg å gå blaut nå vintradag, han kunne verta sjuk. Einar tenkte seg litt om, så flirde han. Bortimot 11 tida såg eg Einar gjekk utpå kloppa som førde over bekken. Brått såg det ut som han gleid. Han veipta med armane, bøygdde seg, retta seg opp att, slenge ut til sides snart eine, snart andre foten. Det var eit storslege skodespel han synte, før han deisa på ryggen ned i bekken så vassspruten stod. Einar kom seg på land. Me andre sprang til og ropa til vaktene at han var søkkblaut, det var farleg nå vintradag. Han kan verta sjuk, det kan verta lungebrann, han må byta klæde fort, han må heim! "Ja, ja, heim," sa ein rådvill vaktmann, og Einar skunda seg då opp mot løa, der sykkelen stod. På vegen opp la han venstre handa under høgre armhola og gav oss ein liten vink. Han nådde toget til Stavanger, og fekk sjå den svenske filmen han var så huga på.

Då arbeidstida var slutt på laurdagen bar det avstad for å henta vekeløna. Lensmann Gausland hadde med utbetalinga å gjera, og den gjekk føre seg i brunnhuset til Tobias Mellemstrand. Lensmannen hadde fleire utbetalingstader å røkkja over. For å letta på arbeidspresset fekk han farbror min, Andreas Aadnesen jr., til å stå for utbetalinga på Høyland. Seinare vart løna sendt i posten, og farbror Andreas slutta.

Det slumpa så til at det vart ein annan Nærboemann som fekk stella med utbetalinga, då løna vart sendt i posten. Kristian Tjessem arbeidde i NKL i Stavanger. Han, og ein til frå NKL, vart utskrivne til tvangsarbeid. På ein eller annan måte hadde Kristian fenge snusen i at det skulle skrivast ut kring 400 nye mann til tvangsarbeid. Han snakka med lensmann Gausland i telefonen, og baud seg til å hjelpe lensmannen med

kontorarbeid, dersom det var rett at så mange fleire skulle utskrivast. Lensmannen kunne ikkje gjeva noko svar på dette nett då, men lova å ha Kristian i tankane. Dagen etter får Kristian melding frå lensmannen i telefonen: "Du kan byrja imorgon." Det gjekk greit med fritaking frå tyskararbeidet. Såleis vart Kristian sitjande med fint kontorarbeid istadenfor grapse kanalarbeid. Kontoret var i same huset som Olav Lerbrekk hadde skoforretning på Varhaug. Ilag med Mikkjel Husveg styrde Kristian med utbetalingane til alle tvangsutskrivne i lensmann Gausland sitt område. Dette dreiv dei på med heilt til det dabba vekk av seg sjølv utpå vårparten 1945. Det kan òg nemnast at Kristian Tjessem rekna seg som tvangsutskrivne heile denne tida. På den måten slapp NKL med å stilla berre ein mann utanom til tvangsarbeid.

Ein måndag ved oppropet var ein av dei tyske vaktene litt vrang og surmulen.

"Fælt så han æ grylen," var det ein som sa. Ein kar i nærleiken kom med svar så pass høgt at dei fleste høyrde det:

"Du ser væl att'an æ dualle fyddlesjuge." Tobias Refsnes møtte med hest og kjerre. Nokre som var godt kjende med Tobias bruka erta han med eitkvart fantestykke. Fleire gonger, når Tobias ikkje var i nærleiken, beitte dei frå hesten og snudde han slik at mulen peika mot kjerra. Tobias kom tilbake, såg dette, gjekk med på spøken, klådde seg i hovudet og undrast.

"Nå æ dæ trea gånjå att'an he snutt sæg. Æ der nogen så he sitt kollest an jære dæ?"

Ein morgon me kom til arbeidsstaden var ikkje tyskarvaktene i nærleiken. Men på Søylandsvegen stod ein tyskar og glana mot oss med kikkert. Kva skulle me nå finna på?

"Hei, karar," sa eg til gjengen.

"Nå går me bort til den garden her og lyptar opp ingenting, snur ryggen til den snåtten på Søylandsvegen, og bærer ingenting dei 15-20 stega bort til garden ved kanalkanten, legg varsamt ned ingenting, går tilbake og tek meir ingenting."

Eg synte korleis det skulle gjerast, og alle var med. Heilt til matøkta gjekk me att og fram med fjåge fjes og flytta på ingenting. Komne opp i løa såg eg gjennom reva i veggen at 2 vakter gjekk og granska arbeidet vårt. Dei rista på hovudet. Etter middagen var det andre vakter, men me høyrde ikkje meir om strevet vårt.

Siste arbeidsdagen gav me, som var utskrivne for 2 veker, innkallingslappane til vakta, som prov på at nå var det slutt. Den dagen vart eg ståande ved kanalkanten i 3 timar med ein tyskar, som heile tida kom med nærgåande spørsmål, som han kravde svar på. Om eg kjende folk som budde på Høyland, om eg visste kva innstilling dei hadde til krigen, om deira meining og haldning til den tyske soldat, og andre spørsmål i same leid. Eg hadde aldri vore på Høyland, kjende ingen der, og hadde aldri snakka med nokon derifrå det eg visste om. Dei 3 timane røynde det verkeleg på å vera dumrian. Men eg slapp då heim tilsist.

På dei to vekene eg var med på tvangsarbeidet korkje såg eg, eller høyrde om, at dei tyske vaktene hade gjort overgrep mot nokon av oss. (Bortsett frå dei 3 timane mine). Truleg var vaktene like uhuga på å vakta oss, som me var uhuga på å arbeida. I alle fall, det gjekk godt, trass i alle strekene me fann på.

Dei "lånte" støvlane vart pussa fint reine og sette på plass i kjellarlageret hjå farbror Randulf. Lenge etter nemnde eg for han om støvlane. Då flirde han godt og sa:

"Eg lurar på kven som går i dei nå."

Godt og vel ei veke etter at eg hadde slutta, kom det pengar i posten. Det var løn for ei veka eg ikkje hadde arbeidt. Eg snakka med farbror min om dette.

"Berre skriv under og ta imot dei," sa han. Nei. Eg sende pengane attende til lensmannen. Eit par dager etter steig lensmann Gausland inn i krambua.

"Kva tyder dette at pengane kjem i retur?" spurde han.

"Det er ikkje mine pengar. Eg vil ikkje ha noko som ikkje er mitt."

"Skriv nå på, så me vert ferdige med dette."

"Nei, det vil eg ikkje. Tek eg imot pengane, kan det

verta til at eg må arbeida for dei, så eg tek ikkje imot."

"Kva skal eg då gjera med pengane?"

"Gjev dei til trengjande," sa eg. Med det gjekk lensmannen. Eg høyrde ikkje meir om denne saka. Andre var ikkje like heldige. Mange vart utskrivne til tvangsarbeid på nytt. Bror min, Ole, vart utskrivne til nye 6 månader. Desse kom han seg gjennom. Men då han fekk ennå 6 månader, søkte han seg inn på Engen sin realskule på Klepp. Fyrst etter at fylkesmannen hadde gjeve klarsignal for skulegonga, vart han fri tvangsarbeidet.